

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2016/17:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	71,2%
2016/17	75,3%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	2,25%	3,99%
	2016/17	2,05%	3,21%
Termin 2/standpunkt	2015/16	1,61%	3,00%
	2016/17	1,57%	2,94%
Eksamens	2015/16	5,76%	3,48%
	2016/17	6,85%	0,67%

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	113 (79% av IV)
--------------------------------------	-----------------

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	102 (79% av IV)
---	-----------------

Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrønse gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?

Vi ser ei auke i talet på fleire som har fullført og bestått inneverande skuleår, dette kan ha samanheng med nye fråværgrense eller Tett-På. Vi trur at desse to faktorane kan begge ha spelt ei rolle.

Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?

Leiinga saman med rådgjevarane gjennomførte samtalar med alle elevane som hadde fått IV og 1 i termin 1. Sjå vedlegg som vart nytte i denne samtalane.

1.4 Gjennomsnittleg fråvær

2015/16	timar	23,87
	dagar	10,7
2016/17	timar	17,6
	dagar	7,4

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrotsdato frå 1/10

2015/16	5,4%
2016/17	8,64%

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

3 elevar er registrert med denne koden. Vi har ikkje fått årsak til avbrotet. Dei andre har vi fulgt opp i samarbeid med kontaktlærar og rådgjevarane.

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/fråvær i fag og utdanningsprogram?

Feilval kjem tydlegare fram allereie tidleg i skuleåret. Talet på elevar som ikkje fullfører og består skuleåret er fortsatt høgt og vi ser at Tett-på er eit tiltak som vi skal fortsetje med. Andre årsaker til talet sluttarar ved skolen er høgt, kan være at ca 25 % av våre elevar ikkje har norsk som sitt morsmål. Vi kan i den samanheng nemne at neste skuleår vil vi bli del av prosjekta: «Fokus Skole» og «Kompetanse for mangfold» som vil være sentrale i utviklingsarbeidet.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen fra ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

StartsamtaLEN, samansetjing i klassane basert på: poengsum, språkkunnskapar og eventuelle meldeskjema.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Elevar som vert tekne inn på skulen og har låg poengsum, kan vere vanskeleg å motivere for skulevardagen. En annen utfordring er gruppa med elevar som har manglande norskkunnskapar for å mestre faga.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi vil utvikle Tett-på for å avdekke elevane sine behov for tilrettelegging.

Skriving i alle fag

Integrering gjennom prosjekta «Kompetanse for mangfold» og «Fokuskole»

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunngitt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – namn; *TETT-PÅ*

Kva var målet med tiltaket?

- **Auka læringsutbytte og fullføring.**
- **Høgre trivsel**
- **Kontaktlærar/faglærarane oppnår godt kjennskap og forhold til elevane.**
- **Leiinga og rådgjevarane får tidleg informasjon og oversikt over dei ulike klassane**

Gi ein kort omtale av tiltaket.

- **Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som treng ekstra oppfølging.**
- **Kontaktlærar, faglærar, rådgjevar, helsesøster og leiinga (elevråd, tillitsvalte**

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

- **Bakgrunnen for valet, var å prøve ein metode som får fleire elevar ved skulen motiverte til å fullføre og bestå vidaregåande skule.**

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Presentasjon av tiltaket ved skulestart i ulike grupper – der informasjonen vart tilpassa gruppe og kva dei ulike gruppene skulle bidra med i tiltaket. Rapportering var gjort i One Note. Fristar for rapportering i årshjulet: 15. september, 15. oktober, 1. desember,

termin 1. Etter termin 1 gjennomførte leiinga saman med rådgjevarane ein oppfølgingssamtale med elevar som fekk IV eller karakteren 1, for å høyre kva var årsaken til høgt fråvær og dårlig fagresultatet, og tips kva skulen eventuelt kunne hjelpe med for å fullføre/bestå skuleåret.

2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Leiinga er involvert i prosjektet og har fått godt kjennskap til elevane. Rådgjevarane rapporterer kvar veke i leiarmøte om einskild elevar.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Leiinga, faglærarar og kontaktlærarane har tidlegare oversyn over elevar som står i fare for å slutte eller treng hjelp.

Neste år vil skulen få elevsenter, der dei sentrale hjelpefunksjonane er samla.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Nye reglar for fråvær som vart innført skuleåret 2016/17 gjer at vi ikkje kan sikkert vurdere om det er dei nye reglane eller Tett-På som har ført til vi har færre sluttarear

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi bør arbeide meir med tilbakemeldingane som vi får frå kontaktlærarane og rådgjevarane og korleis vi skal følgje opp elevane og kven som gjer kva. Dessutan må elevane få betre forståing av sin eigen situasjon og kva konsekvensar høgt fråvær har på karakterar og framtida.

2.2 Utviklingstiltak – namn: *Skriving i alle fag*

Kva var målet med tiltaket?

Oppnå at alle lærarar, uansett kva fagbakgrunn dei har, ser verdien og nyten av opplæringa som norskseksjonen set fokus på i skriveprosessane.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

- **Arbeide med skriverammer og modelltekstar**
- **Språkløyper**
- **5 prinsipp for god skriveopplæring**

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Forslag frå norskseksjonen som eit prosjekt alle lærarar kunne delta i og ha stor nytte av i faga sine. Dessutan ser vi at minoritetsspråklege elevar er stor nytte av skriving i alle fag.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Presentasjon av prosjektet ved initiativtakarane på norskseksjonen 17. august – planleggingsdagen, til heile det pedagogiske kollegiet. Deretter praktisk arbeid med skriverammer og modelltekstar i små faggrupper. Innlevering av faggruppenes skriverammer 17.august. Frist for innleveringa av faggruppenes modelltekstar innan haustferien.

Halvårsmål: alle faglærarar skal prøve ut bruk av skiveramme og/eller modelltekst i løpet av 1. termin. 2. halvår evaluering og faggruppene finner nye teksttypar og lagar nye skriverammer og modelltekstar innan vinterferien, utprøving i vurderingsarbeidet 2. termin.

2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har vore positiv til initiativet frå norskseksjonen. Eit prosjekt som alle lærarane kunne delta i på tvers av fag og kompetanse.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Prosjektet skal halde fram neste år med skriving i alle fag og deretter lesing i alle fag. Det er for tidleg å seie noko om endring av praksis. Det har vi ikkje oversikt over no.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Satsinga har vist at skriving i alle fag er viktig, fleire faglærarar har gitt positive tilbakemeldingar. Dette gjeld og skriving i munnlege fag. Nokre får lærarar har ikkje opplevd at prosjektet er relevant, gjeld matematikkfag.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Leiinga har vore og svært positiv til tiltaket, og ser stor nytteverdi i at eit prosjekt går på tvers av fag og er fagleg relatert.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Tett På

Ved skolestart hadde leiinga ein presentasjon av Tett-På og kommenterte særskilt endringane som var tatt inn i prosjektet og kvifor. Til kollegiet, alle klassar og tillitsvaldte.

Ved denne presentasjonen la vi og fram korleis og når kontaktlærarane/faglærarane skulle melde frå i systemet gjennom skoleåret. Bruk av One Note

Tilbakemelding/informasjon på fellesmøte.

Rådgjevarane er tett på klassar og elevar og samarbeider godt med leiinga og kontaktlærarane.

Skriving i alle fag

Vi satt av fellestid til oppgåver relatert til prosjektet. Målet var at alle lærarane deltok. Her nyttta vi planleggingsdag og fellestid.

Prosjektet har vore styrt av to norsklærarar. Neste år skal prosjektet evaluerast, sett frå norsklærarane som har hatt ansvaret og lærarane som har arbeidd med «skriving i alle fag»

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

1. Vi syner og til vedlagte dokument når det gjeld tilbakemelding og innspel frå lærarar når det gjeld utviklingsarbeid og ønskje om for nye satsingsområder.

2. Oppfølging av elevar med IV og 1i T1: rektor og avdelingsleiarane, elevinspektør og rådgjevarane samtalar etter karakterane i T1 var satt, samtalar med elevar som hadde fått IV i fag.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå 3.2

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

**Elevinspektør har orientert og samarbeidd med elevrådet.
Utviklingsplanen er gjennomgått i alle klassar.**

**3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?
Finne tid som ikkje tek fellestid frå andre aktivitetar gjennom skuleåret**

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Vi opplev at vi er på rett veg. Skulen må fortsetje arbeidet og syte for at alle lærarar og elevar får ei forståing for satsingsområda, og tiltaka vi legg fram.

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.